



Det aktuelle utbyggingsområdet til Huglen og Bjørnebøleer nummer 17

**Etter ein lang prosess står utbyggingsplanane for fleire felt i Uskedalen næmast i kø og Øvre Halsabrotet er ein av dei..**

**Her er Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen grunneigarar og dei ynskjer no dispensasjon for å koma igang. Dei ser fram til at 5 tomter kan få dispensasjon frå detaljreguleringsplanen,**

3 tomter har fått slik dispensasjon, men no ber Huglen og Bjørnebøle om at 2 til også må få det, Ellers vil dei bli liggjande som eit ubebygd område midt inne i eit bustadfelt medan områda ovanfor og nedanfor blir tilrettelagt med einebustadar og tomansbustader.

Dei 2 tomtene vil få den same tilknytning til veg og VA som dei 3 andre og dispensasjon under same føresetnad som dei 3.

Administrasjonen har vurdert saka til å bli behandla som ein midlertidig dispensasjon og spør om ho er klarert med VA-avdelingen i kommunen. Det er tiltakshavar sin oppgave å opplyse om dette

Av Ola Matti Mathisen